



A/STAB AS
Ulsmågvegen 7
5224 NESTTUN

Dato: 07.11.2018
Vår ref.: 2018/14135-9
Saksbehandlar: larbirk
Dykkar ref.:

Høysetevegen 136 - Børdalen - gnr 35 bnr 4 - detaljregulering - datalagringssenter - Samnanger kommune - Utført kulturhistorisk synfaring

Viser til vårt brev datert 30.10.2018 der vi varsla at Fylkeskonservatoren ville utføra ei synfaring for å vurdere om det var trond for arkeologisk registrering av planområdet.

Årsaka var mellom anna at det er kjent eit automatisk freda kulturminne, ein hellar under ei svær steinblokk på vestsida av elva i søre delen av planområdet, Askeladden id. 120768. Synfaringa vart gjort 31.10.2018. Store delar av området er alt utbygd og påfylt i samband med trafostasjon i nord og oppdyrkning i midtre delar. Det austlege området er svært brattlendt og lite aktuelt med omsyn til potensial for funn. Området langs elva er forholdsvis kupért og myrlendt, ein del tilplanta med gran. Sett bort frå den svært iaugefallande steinblokka sør i området med ein hellar under på vestsida, vert området elles vurdert til å ha lite potensial for funn av automatisk freda kulturminne. Det vert såleis ikkje aktuelt å stille krav om vidare arkeologisk registrering av planområdet.

Det vert viktig i det vidare planarbeidet å ivareta Askeladden id. 120768 på ein korrekt måte. I konsekvensutgreiinga må kulturminnet skildrast, og konfliktgraden mellom tiltaksområde og kulturminne avklarast.

Med helsing

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Lars Øyvind Birkenes
Seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:
Snorre Waage